



Sjølvs om det truleg er 220 kvinnheringar som er ramma av demens i varierende grad er det ei svært tung oppgåve å få igang ein forening. Det fekk sjukepleiarane Ellen Schwenke og Evelyn Willumsen erfare då det i kveld møtte berre 2 pårørande til oppstartmøte i Gamleskulen. Noko klårt svar på kvifor starten er så tung hadde dei ikkje, men det er nok framleis mange som kjenner skam over å vera demensramma eller pårørande. Men Ellen og Evelyn, som for 6 år sidan gjennomførte ein stor studie om sjukdommen, gjev slett ikkje opp. 11. mars freistar dei med eit nytt møte på samme staden og nærmare våren vert det ein presentasjon av hjelpemidlar ved ymse firma.

Allereie i 2010 vart det gjort ein freistnad på å starta ein forening, som både Stord og Etne har.

- Men då var vi nok for tidleg ute. Vi fekk det ikkje til og planen vart lagt på is. Men sidan har det skjedd mykje når det gjeld å skapa ein meir open atmosfære rundt sjukdommen, påpeikar dei 2 sjukepleiarane.



Ellen frå Uskedalen og Evelyn frå Rosendal gjev ikkje opp freistnaden på å starta ein demensforening

Diverre er det framleis ingen behandling som kan kurera demens og statistikken er framleis skremmande: Over 70 000 nordmenn er ramma og 10 000 får sjukdommen kvart år. Det er 300 000 pårørande til nokon som


har demens. Det beste ein kan gjera for å betre livet for dei som har sjukdommen, er å hjelpa desse til å meistra den best mogeleg. Og det er lettare å takla utfordringane med openheit. Å snakka med andre og dele sorg og glede er viktig for å ha ein så normal kvardag som mogeleg.

Kva kan ein så utretta i ein forening? Vi veit at det er viktig med fysisk aktivitet. Gågrupper, turar og trening har ein positiv verknad på livskvaliteten. Samtalar og møtestadar både for ramma og pårørande kan vera til god hjelp. Kunnskap og openheit gjer sjukdommen lettare å takla.

Hvis mange sluttar opp om apellen om å starta foreningar er det lettare å påverka helsepolitikken i landet også på dette området.

Demens handlar ikkje berre om ein ålvorleg diagnose. Til dømes kan det handla om ein morfar som ikkje forstår kvifor ein kjem på besøk eller om å miste den ein elskar. Sit du inne med mange spørsmål du ikkje har svar på? Då kan du ringa 815 33032. Der sit det helsepersonell med taushetsplikt.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Demens rammer bredt i familie og vennekrets